

# MEDDELELSER

FRA

## DET NORSKE MYRSELSKAP

Nr. 4.

September 1928

26de årgang.

---

---

Redigert av Det Norske Myrselskaps sekretær, torvingeniør J. G. Thaulow.

---

---

### VERTILHØVA M. V. VED DET NORSKE MYRSEL- SKAPS FØRSØKSSTASJON PÅ MÆRESMYRA I 1927.

Av *Hans Hagerup*.

VINTEREN 1926—27 var noko skiftande, serleg før jul var det raske omslag i veret, frå regn til frost. Etterjulsvinteren var mild med svert lite snø, og litet nedburd i det heile teke; berre april md. ligg noko større over normal nedburd, elles har januar og februar mykje under normalt. Omkr. 25. febr. var det berr jord på forsøksgården. Ein «attpåvinter» med snø fekk vi i slutten av april og fyrsten av mai med, men denne snøen låg berre stutt tid.

I tabel 1. er framstilt resultatet av nedburdmålingane på Mæresmyra 1927. Det er berre 4 mdr. som har havt over normal nedburd, resten har lege under det normale og for dei fleste ganske mykje under.

Heile året hadde 636 mm. nedburd, mot normalt 740 mm. (ved Steinkjer), eller 104 mm. under det normale. I veksttida mai—september var det berre 37 mm. mindre enn normalt (298 mm.). Juni og juli md. var uvanleg turr, slik at mange vekster vart sett tilbake av turken. August md. har 36 mm. over normalt, medan september har 25 mm. under.

Talet av nedburddagar i veksttida var slik:

Mai . . . . .	18 stk.
Juni . . . . .	10 »
Juli . . . . .	12 »
August . . . . .	19 »
September . . . . .	17 »

Sum . . . . . 76 nedburddagar.

Det er noko mange regndagar, like mange som under normale nedburdshøve; men mengda av regn har vore so lita, at det ikkje har hindra berginga av høy og korn. Vi fikk den beste berging på alt dette.

Tabel 1. *Nedburden paa Mæresmyra aar 1927.*

Månad	Nedburd i mm.			Høgste nedb.		Nedburddagar	Snø		Merknad
	1927	Normal for Steinkjer	Skilned $\pm$	mm.	Dato		Medel snødjup i cm.	Dagar med snødekke 4—3	
Januar . . .	52,2	77	$\div$ 24,8	12,0	13	12	19,2	31	
Fabruar . . .	24,7	64	$\div$ 39,3	9,2	4	11	5,7	16	
Mars . . .	50,1	48	+ 2,1	18,5	20	7	—	—	
April . . .	67,4	35	+ 32,4	15,2	20	15	0,5	3	
Mai . . .	35,2	38	$\div$ 2,8	4,3	1	18	0,3	3	
Juni . . .	19,8	43	$\div$ 23,2	8,0	16	10	—	—	
Juli . . .	38,9	61	$\div$ 22,1	19,6	26	12	—	—	
August . . .	114,4	78	$\div$ 36,4	34,2	3	19	—	—	I 3de 26,2 mm
September . . .	52,8	78	$\div$ 25,2	18,7	21	17	—	—	
Oktober . . .	79,4	78	+ 1,4	10,8	22	22	0,2	4	
November . . .	56,2	76	$\div$ 19,8	11,3	4	15	—	—	
Desember . . .	44,9	64	$\div$ 19,1	13,0	29	12	5,0	9	
Heile året	636	740	$\div$ 104	—	—	171	—	66	
Mai—septbr.	261	298	$\div$ 37	—	—	76	—	—	

I tab. 2 er resultatet av temperatur og nedburdmålingane på Mæresmyra 1927 samanstillt i 5 dagsbolkar for veksttida mai—sept. Temperaturen er målt 2 m. over jorda.

Medeltemperaturen har for desse 5 vekstmånader vore 12,1° C, mot normalt 11,4° C. (Steinkjer). Varmesumen har for same tida vore 1854, mot normalt 1741.

Frå våren av var det kalt; men i juni og serleg i juli og august var det uvanleg varmt. Høgste observerte temp. var 31,5° C. den 7. juli.

Talet på *frostneter* i veksttida var:

Mai . . . . .	15 stk.
Juni . . . . .	2 »
Juli » . . . . .	1 »
August . . . . .	1 »
September . . . . .	6 »

Sum . . . 25 frostneter,

av desse var det 9 stk. som hadde  $\div$  2° C og derunder i mai, og 2 i september. Frostnetterne i slutten av juni og juli skadde potetgraset so potetone vart seinka i veksten. Elles hadde vi ikkje noko frostskade på vekstene dette året.

Tabel 2. Temperatur og nedbør på Mæresmyra sumaren 1927.

Samanstilla, i bolkar på 5 dagar.

Bolk	Lufttemperatur i C°					Varme sum	Frostneter		Nedbør				
	Min.	Kl. 8 fm.	Kl. 2 em.	Kl. 8 em.	Max.		Medel	Dager med		mm.	Dagar		
								under 0° C.	under -2° C.			Lågste min.	Dato
Mai													
1-5	+0,7	3,5	6,7	1,7	7,8	3,2	16,0	2	1	÷2,0	3	8,0	3
6-10	÷1,3	3,4	5,8	2,8	6,7	2,7	13,5	4	1	÷5,0	6	11,5	4
11-15	÷3,7	5,9	7,5	3,5	8,8	3,3	16,5	5	5	÷4,5	12	4,0	4
16-20	+1,0	10,0	12,8	8,4	13,9	8,0	40,0	2	1	÷3,0	17	3,7	1
21-15	+1,4	8,2	11,0	7,0	11,7	6,9	34,5	2	1	÷2,5	21	3,3	3
26-31	+2,8	10,7	13,5	10,2	14,7	9,3	55,5	—	—	+0,5	29	4,7	3
Mai måned	+0,3	7,1	9,7	5,7	10,7	5,7	176	15	9	÷5,0	6	35,2	18
Juni													
1-5	6,2	12,2	16,5	12,5	17,9	11,9	59,5	—	—	4,0	1	4,6	1
6-10	2,7	10,4	13,9	9,5	15,2	9,1	45,5	1	—	÷1,0	7	0,1	1
11-15	4,6	12,1	15,3	9,6	16,3	10,4	52,0	—	—	+3,0	11	1,0	2
16-20	6,2	13,3	16,7	11,0	17,8	11,8	59,0	—	—	+3,0	17	13,1	5
21-25	5,9	13,1	15,0	11,3	16,1	11,3	56,5	1	—	+0,0	24	1,0	1
26-30	10,2	18,2	22,2	17,1	23,3	16,9	84,5	—	—	+8,0	27	—	—
Juni måned	6,0	13,2	16,6	11,8	17,8	11,9	357	2	—	÷1,0	7	19,8	10
Juli													
1-5	9,6	21,1	22,6	19,7	25,2	18,3	91,5	—	—	+6,0	1	5,2	2
6-10	12,0	28,4	30,4	24,2	31,5	23,8	119,0	—	—	+11,0	7	—	—
11-15	12,4	17,9	23,2	18,5	23,9	18,0	90,0	—	—	+11,5	14	3,3	3
16-20	10,8	15,2	17,9	13,9	18,8	14,7	73,5	—	—	+7,5	20	4,9	3
21-25	8,9	18,3	21,8	16,7	22,9	16,5	82,5	1	—	+0,0	21	5,3	2
26-31	10,3	19,6	23,4	19,1	24,5	18,1	108,5	—	—	+6,5	27	20,2	2
Juli måned	10,3	20,1	23,2	18,7	24,5	18,2	565,0	1	—	+0,0	21	38,9	12

(Forts. s 94).

Tabel 2. *Temperatur og nedbør på Mæresmyra sumaren 1927.*  
Samanstilla i bolkar på 5 dagar.

Bolk	Lufttemperatur i C°					Varme sum	Frostneter			Nedbør			
	Min.	Kl. 8 fm.	Kl. 2 em.	Kl. 8 em.	Max.		Medel	Dager med		Lågste min.	Dato	mm.	Dagar
								under 0° C.	under ÷ 2° C.				
August													
1-5	10,9	19,3	23,5	16,9	23,9	17,6	—	—	—	+7,0	5	36,7	3
6-10	11,8	21,6	24,3	18,1	25,7	19,0	—	—	—	+7,0	6	—	—
11-15	12,0	17,5	20,1	15,2	20,8	16,2	—	—	—	+10,0	14	35,7	3
16-20	12,0	16,9	21,0	15,4	21,8	16,3	—	—	—	+9,5	17	15,1	4
21-25	8,7	13,0	18,0	12,1	18,9	13,0	—	—	—	+6,0	22	8,9	4
26-31	7,1	14,4	18,8	14,4	20,0	16,4	—	—	—	÷ 0,5	26	18,0	5
August måned	10,3	17,0	20,9	15,3	21,8	16,2	1	—	—	÷ 0,5	26	114,4	19
September													
1-5	2,5	13,5	19,9	11,9	20,7	12,0	—	—	—	+1,0	4	0,7	1
6-10	3,6	8,9	14,6	8,5	15,4	8,9	—	—	—	+2,0	7	1,5	1
11-15	÷ 0,4	6,2	10,3	5,7	11,5	5,5	3	2	—	÷ 3,5	14	11,9	5
16-20	3,1	7,5	13,7	7,2	14,6	7,9	1	—	—	÷ 1,0	20	12,1	5
21-25	4,1	6,6	11,1	6,5	12,3	7,1	1	—	—	± 0,0	23	23,8	4
26-30	5,1	8,0	11,7	8,0	12,4	8,2	1	—	—	± 0,0	28	2,8	3
September måned	3,0	8,5	13,5	8,0	14,5	8,3	6	2	—	÷ 3,5	7	52,8	17
Medel. mai-sept.	6,1	13,2	16,8	11,9	17,9	12,1	1854	25	11	—	—	261	76
Normalt mai-sept.	—	—	—	—	—	11,4	1741	—	—	—	—	298	—

Tabel 3. Telemålingar på Mæresmyra våren 1927.

	Målingar 20. mars		Målingar 10. april		Målingar 30. april		Målingar 10. mai	
	Avstand til telen	Tjukki av telen	Avstand til telen	Tjukkl. av telen	Avstand til telen	Tjukkl. av telen	Avstand til telen	Tjukkl. av telen
	Cm.	Cm.	Cm.	Cm.	Cm.	Cm.	Cm.	Cm.
På såtidsfeltet (vollplognad) . .	10—12	15—18	5—8	14—18	10—12	9—14	18—20	0—5
På gamal åker . .	10—15	7—12	8—12	15—20	10—15	8—12	16—20	5—8
På voll . . . . .	0—5	14—20	0—2	18—24	5—7	12—18	15—20	0—3
På greffefelta 15 m. teig . . . .	7—11	10—15	5—10	12—18	10—12	8—12	18—20	0—2
På greffefelta 30 m. teig . . . .	5—10	12—18	5—10	15—20	7—10	10—15	16—20	3—6

I tab. 3 er opført resultatet av telemålingane våren 1927.

Som det her går fram var det lite tele i jorda ved fyrste måling — 20. mars. Det er ganske rimeleg at telen kunde ikkje verta serleg djup etter ein so mild og snøfatig ein vinter. Ved måling 10. april har det auka på litt med tele, men frå den tid smeltar han burt fort, slik at omkr. 10. mai tek det til å verta fritt for tele. For arbeidinga av myra er det berre bra at det er god tele som ber hestane oppe. Er det berre eit tunnt teleglag, trampar dei lett igjennom og kann skada føtene.

Hauptpløgginga fekk vi fullført fyre telen sette seg for godt.

I «Meddelelserne» nr. 1 for 1928 er innteka eit oversyn over forsøka m. v. 1927 og ei stutt melding om drifta.

Her skal berre peikast på at ogso dette år var det skade av myhanklarvor (tipula olerasia) på hovudkålen, so der måte omplanting til. Men sterkast åtak på hovudkål og kålrot var det av kålflugelarva (cortophila brassisæ). Kålplantane vart ganske tidlig so mykje etne at mange visna burt. Og kålrøterne var sterkt skadde. Det er den sterkaste skadeverknad vi noko år har havt av kålfluga; noko som mest må tilskrivast den turre sumaren.